

Ps 041 – Økonomiplan 2014-2027 og budsjett 2024. Framlegg frå Kommunedirektøren.

Øygarden eldreråd vedtok 28.09.2023 samrøystes eit innspel til budsjettprosessen der sentrale synspunkt/tilrådingar var oppsummerte slik:

Øygarden kommunen startar snarast opp planlegging av nye institusjonsplassar innan helse og omsorg.

Det trengst ein ny gjennomgang av alle tilbod innan omsorgstenesta («omsorgstrappa») Omsorgsbehovet på ulike nivå må sjåast i samanheng og med fellesskap som berande idé.

Planlegginga må omfatte og ta opp i seg nytenking og erfaring frå kommunar (innlands så vel som utlands) som har prøvd ut nye vegar.

Ulike modellar for lokalisering av nye tilbod vert vurderte.

Det må vere eit sentralt siktemål å utvikle tilbod som opnar for opplæring og kompetanseheving for dei tilsette.

Innspela elles frå september 2023 gjeld elles fullt ut i desember 2023.

Eldrerådet har merka seg at behovet for nytenking i den kommunale organisasjonen har vore presisert både frå administrativ og politisk hald.

Samstundes merkar eldrerådet seg også med glede at omsynet til dei svakaste mellom oss skal prioriterast. (sitat kommunedirektøren: «Dei mest sårbare innbyggjarar med komplekse livsutfordringar må prioriterast».)

Slike menneske finn vi som kjent innanfor alle aldersgrupper.

Sjukeheims plassar

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg finn vi ikkje ordet sjukeheim eller sjukeheims plassar. Derimot påpeikar han behovet for fleire omsorgsplassar med heildøgnsstilsyn. Ordvalet er ikkje viktig, det er realitetane som tel. Og realitetane fortel oss at det er sett av 1 mill til planlegging i 2024.

Innan 2028 treng vi 70 nye heildøgns plassar (les: sjukeheims plassar) om vi skal halde på ein dekningsprosent på 16 %. Dette samsvarar godt med det eldrerådet har peikt på. (innspel av sept. 2023)

Kommunedirektøren har plussa på den vedtekne gjennomføringsplanen med 16 mill i 2025 og 30 mill i 2026-2027.

Men her har han eit atterhald:

«Satsinga er estimerte kostnader og er avhengig av at omstilling i organisasjonen kan frigje ressursar til opptrappinga».

Eldrerådet er kjend med at kommunen kjøper konsulenttenester der den første rapporten alt føreligg og den andre er på veg. Dei skal fortelje oss noko om omstilling.

Eldrerådet meiner at det er heilt urealistisk å tru av omstillinga i eldreomsorga skal finansiere det vi treng av omsorgsplassar utover det som gjennomføringsplanen føreset.

Det er fleire svake sider ved resonnementet. Det viktigaste er at omstillingar som berre har økonomisk innsparing som mål, lett kan overskygge behova til den einskilde brukar/pasient. Ein sjukeheim og eldreomsorga generelt, er ikkje fabrikkar med enkle produksjonsmål. (like lite som skule eller barnehage) Det er staden der dei svakaste skal møte fagleg og medmenneskeleg kompetanse, menneskeverd og respekt.

Dette kan ingen bedriftsøkonomiske ekspertar «omstille» oss ut av.

Eldrerådet meiner like fullt at det finst eit potensial for praktiske og organisatoriske tiltak som kan vere utgiftsreducerande. Slike omstillingar bør gjennomførast.

Eldrerådet har tidlegare påpeikt behovet for nybygg innan eldreomsorga.

Den vedtekne gjennomføringsplanen reduserer talet på kommunale omsorgsbustader når 65 vert sjukeheimsplassar og berre 30 kjem til.

Dei 65 sjukeheimsplassane vil langt frå dekke behovet i åra framover. Det viser kommunaldirektøren si tilråding og det fortel all statistikk oss.

Det viktigaste no er å komme i gang med planlegging av omsorgstenesta i åra framover. Kommunedirektøren har sett av 1 mill i 2024. Det markerer ein viktig start.

Bu i eigen heim

Vi vert stadig minna om at det er eit mål at eldre skal kunne bu i eigen heim så lenge det er forsvarleg. Kor lenge dette vil vere, er eit spørsmål der svaret alltid vert teken på skjønn.

Kommunen skal gje den lovfesta helsehjelpa i heimen. Heimesjuketenesta er betalingsfri, tillegg har kommunen tilbod om heimehjelp med eigenandel.

Tilbakemeldingar fortel oss at tilbodet ofte ikkje dekker behovet. Særleg dette at heimesjukepleiar berre er innom kort tid, at det ofte skjer utanom avtala tid og at det er altfor mange aktørar å halde styr på.

Vi har sett styrking av tenesta på kvart budsjett dei siste åra. Men denne auken følgjer ikkje lenger veksten i behov.

Når motivet for at eldre skal bu lengst mogeleg i eigen heim og såleis reduserer behovet for dyre institusjonsplassar, så skulle vi tru at vi fann att denne prioriteringa i budsjettframlegget. Men det vi finn, er dette:

- Ikkje rom for å følgje planen om opptrapping av Aksjonssenteret. Dette til tross for at hovudargumentet for etablering av senteret, nettopp var å yta tenester for heimebuande eldre.
- Gjenføring av eigenandel for alarm for minstepensjonistar. Det betyr at somme eldre vil velje bort alarmen med dei følgjer dette kan få.
- Ingen nye tiltak som kan styrke fellesskap og helse.
- Ingen respons på tanken om eldrekollektiv i kommunen

Eldrerådet minner også om at tilbodet om varm mat til heimebuande er viktig og at utviklinga av det prosjektet som alt er i gang, må evaluerast.

Eldrerådet er oppteke av dei pårørande sin situasjon. Når det vert stadig fleire som får tunge omsorgsplikter i heimen, må det minste kommunen kan gjere for dei, er tilbod om avlasting. Samstundes vert familiane mindre og aktuelle pårørande vert ofte ektefellen. Prisen som desse betalar, er eigen sjukdom og ein alderdom prega av sut og sorg.

Er det slik vi vil ha det?

I praksis er det sjukeheimane som kan ta imot pasientar for avlasting. Men så manglar vi altså sjukeheims plassar. Ting heng saman.

Repetisjon, eldrekollektiv

Vi har slikt innspel om kva eit eldrekollektiv kan vere:

- Eit tilbod som er kunnskapsbasert, frå einsemd til fellesskap. Eit velfungerande kollektiv må gje stor valfridom mellom fellesskap (måltid, opphaldsrom, hage) og privatliv.
- Eldrekollektivet må ligge på eit nivå økonomisk som gjer at dei som skal bu der, ikkje treng tung finansiering utover egne midlar (t.d. sal av eigen bustad).
- Kommunen sparer utgifter til helse- og omsorg fordi buforma og fellesskapet held folk friskare.
- Ressursbruken i heimesjukepleie og heimehjelp vert meir effektiv.

Vi viser gjerne til Danmark som er eit føregangsland når det gjeld bustadløyningar for seniorar. Eit avgjerande argument for mange danske kommunar har vore auka trivsel i fellesskapet samstundes med økonomiske gevinstar.

Eldrerådet rår til:

at det i budsjettet for 2024 vert sett av midlar til å starte opp eit prosjekt som handlar om eldrekollektiv i grendene. Dette bør gå inn som ein del av arbeidet med etterbruk av tomme kommunale (og gjerne også private) bygg som vi finn rundt om i kommunen.

Mykje tyder på at minst halvparten av seniorar i aktuell alder kan tenkje seg (ser positivt på) å bu i eit kollektiv. Overført til Øygarden vil eit slikt tal omfatte nokre tusen menneske spreidde ut over kommunen.

Kommunen vår har ein stor del av busetnaden i byggefelt. Mange einebustader høver godt for barnefamiljar, men vert meir til byrde enn til glede når det berre er to, stundom eitt menneske tilbake. Eldrekollektiv vil vere eitt av fleire aktuelle alternativ for desse. Eit anna er som kjent å gjere eige hus meir aldersvenleg. I vår kommune har også sal av eigen bustad og kjøp av sentrale mindre husvære, blitt vanleg.

Sluttmerknad.

Øygarden kommune står framfor store utfordringar innan helse og omsorg. Det er no den sterke auken av eldre innbyggjarar tek til å slå ut for fullt. Eldrerådet håpar at kommunestyret no samlar seg om gode løyningar bygde på kunnskap og innsikt. Det er tid for handling.